



Eid fjord kommune  
Simadalsveien 1  
5783 EIDFJORD

Dato: 29.07.2014  
Vår ref.: 2014/16981-6  
Saksbehandlar: livsund  
Dykkar ref.: 13/6310

## Planprogram for kommunedelplan Sysendalen, Eid fjord - høyring - fråsegn

Vi viser til brev datert 13.05.2014 om høyring av planprogram for rullering av kommunedelplan Sysendalen. Planprogrammet legg til grunn ei utviding av byggeområde i tidlegare LNF-område samt innpassing av vedteken sti- og løypeplan og endring av føremål fritidshus-bustad. Området for ny arealbruk er i eksisterande kommuneplan avsett til LNF-område.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. I denne saka vil vi ha særleg fokus på føringer i Regional plan for Hardangervidda og omsynet til villrein, landskap og friluftsliv. Strategi for reiselivet, både når det gjeld Eid fjord, Hardangerregionen og fylket elles vil også vere viktig vurderingstema. Fordi planprogrammet gjeld ein plan som kan opne for omfattande tiltak der ei rekke sentrale regionale interesser vert berørt, finn vi det naudsynt å utdjupe desse i ein tidleg fase av planarbeidet. Vi vil også kommentere masterplanen for Eid fjord Resort.

### Vurdering og innspel

#### Kommentar til bakgrunn for planarbeidet

Rullering av kommunedelplan for Sysendalen er aktualisert med bakgrunn i private innspel om utvikling av alpindestinasjon (Eid fjord Resort), vedteken sti- og løypeplan, communal deltaking i forsøksordning med snøskuterløyper, nye område for fritidsbusetting, bruksendring av fritidsbustad til bustad og areal til framtidig trase for Rv. 7. Området for ny arealbruk er avsett til LNF-område i gjeldande kommuneplan. Det er her Eid fjord Resort er tenkt lokalisert.

Ved siste rullering av kommuneplan for Eid fjord vart det teke inn areal for utviding av alpinbakken på Maurset til opp på Grytehorga, samt opna for nokre nye stølshus. Dette var endringar som Hordaland fylkeskommune ikkje hadde merknader til.

Når det gjeld ski- og løypeplanar, snøskuterløyper, bruksendring mm er vi samde i behovet for å innpasse dette i plan og planførersegner.

Samtidig med oppstarten av rullering av kommuneplanen, føregår det planar om utvidingar og fortetting i eksisterande hytteområde. Reguleringsplan for Fet/Bjørkehaug er på høyring med frist 1. september, og det er også planar for vidareutvikling på Maurset.

Rullering av kommunedelplan for Sysendalen er ikkje med i planstrategi for Eid fjord. Arealbruken i Sysendalen lyt forankrast i ein langsiktig arealstrategi der planområdet si bereevne vert lagt til grunn. Ved sida av omsynet til landskapet og villreinen sine leveområde må dette vere sentralt tema i ei rullering av

kommunedelplanen. Vi rår til at planarbeidet vert utsett slik at det kan drøftast i samband ny planstrategi for kommunen når den tid kjem.

### **Planprogrammet**

Planprogrammet omtaler føremål med planarbeidet, avgrensing av planområdet, premiss for planarbeidet, planprosessen og opplegg for konsekvensutgreiing.

**Premiss.** Regional plan for Hardangervidda må vere ein heilt sentral premiss for planen. Då kommunedelplanen er meint å legge til rette for reiselivsutviklinga i Eidfjord vil vi i tillegg vise til reiselivsstrategien for Hordaland, som igjen bygger på nasjonale strategiar for reiselivet (sjå seinare punkt).

**Planprosess.** Tiltaket som har utløyst planprogrammet er av eit slikt omfang at det har stor regional interesse. Næringsinteresser og tilhøvet til eksisterande anlegg i fylket er viktige tema som må belysast i planprosessen. Regionalt planforum bør trekkjast inn alt i programfasen.

**Konsekvensutgreiing (KU).** Vi er samde i at det vert vurdert eit alternativet med vidareføring av nosituasjonen i Sysendalen, med hovudfokus på utvikling av tradisjonelle hytteområde med langrenn som viktigaste vinteraktivitet i kombinasjon med eksisterande alpinbakke på Maurset.

Vi har elles ikkje spesielle merknader til dei tema som er lista opp som relevante tema i konsekvensutgreiinga og til oversikten over behovet for ny kunnskap. Når det gjeld landskap er det viktig å få kartlagt verknader både av bygg, vegar og alpinbakkar. Vi viser bl.a. til at alpine skibakkar nedfartar vil kreve fjerning og deponering av vegetasjon, overflatetilpassing og revegetasjon.

### **Eidfjord Resort - masterplan**

Eidfjord Resort er i ein omfattande masterplan omtalt som «et nytt bærekraftig prosjekt som fokuserer på utvikling av alpine og nordiske skiaktiviteter i vintersesongen og en rekke rekreasjons- og sightseeingsaktiviteter i løpet av sommerhalvåret». Masterplanen er utarbeidd av det canadiske firmaet Ecosign, og har mange internasjonale referansar til område med eit anna befolkningsgrunnlag. Forslaget går ut på å utvikle ein stor landsby og hytte/tomteutvikling i Fetaleitet mot Bjørkehaug.

I masterplanen er skissert fleire skiheisar, ein av dei er gondolheis til «Amundsen Viewpoint» på toppen av Fjellhaugen på ca. 1095 m høgd. Tilrådd kapasitet er 2800 personer pr time. Gondolheisen blir omtalt som ein svært viktig del av konseptet, retta mot ein turistmarknad på ca 750.000 menneske som besøker Vøringsfossen kvart år.

Formålet med etablering av Eidfjord Resort Master Plan er presentert slik i masterplanen:

- «Legge til rette for et førsteklasses ski-/ snowboard-anlegg med høyteknologiske skiheiser, snøproduksjon, løypedesign med høy kvalitet preparering og omfattende servicetilbud for besøkende.
- Utvikle en Alpinresort som er tilsvarende eller høyere standard enn det som er gitt av konkurrerende skianlegg i regionen.
- Presentere et utvalg skiløyper og aktiviteter som tilfredsstiller en rekke skiløper nivåer og er tett balansert ifht skiløper/snowboarder markedet.
- Legge til rette fasiliteter på egnede steder for å tilfredsstille behovet til skiløpere uansett hvor de befinner seg i resortområdet.
- Gi tilstøtende baseområder tilstrekkelig kapasitet for å tilfredsstille tilgangskravene til fjellet. Heiser benyttes for at alle skiløpere i fjellområdet innenfor 1,5 time skal ha en tilfredsstillende retur syklus for ski-/snowboard aktiviteter fra relativt tidlig på morgen, og med minimum av heis køer.
- Hver fase av utvikling skal gi et optimalt balansert anlegg mellom Skiområdets kapasitet og Baseområdets kapasitet, mens på samme tid ivareta utviklingstempoet mot det endelige målet for destinasjonen.

- Definere mål og planer som rettleder ledelsen samt informere offentlige etater underveis i den planlagte ti års perioden»

Ein masterplan er ikkje ein del av plansystemet etter plan- og bygningslova og er dermed å sjå på som ein moglegheitsstudie, med dei begrensningar denne har i forhold til andre viktige element i ei heilskapleg planlegging.

Masterplanen peiker på ein del viktige kritiske element: fysiske, marknadsmessige og økonomiske. Det er i det vesentlege kapasitet og potensiale for alpinløyper i ulike soner som er utgreidd i detalj i planen. Det er ikkje gjort marknadsundersøkinger. Eit tiltak av eit slikt omfang må utgriast i konsekvensutgreiinga også med tanke på økonomisk berekraft.

Masterplanen sin utviklings- og egnethetsanalyse for landsbyområdet er berre basert på kriterier for hettingsgrad, tilgang frå eksisterande vegar og infrastruktur, ikkje på innverknad på landskapet. Det er behov for grundige landskapsanalyser og illustrasjonar av ei eventuell utbygging i samband med konsekvensutgreiinga.

### **Regional plan for Hardangervidda (Hardangerviddaplanen)**

Regional plan for Hardangervidda 2011-2025, vedteke av fylkestinget i 2011 og med handlingsprogram vedteke i 2013, inneheld strategiar og retningslinjer for forvaltning av villreinen sine leveområde og for friluftsliv, fritidsbusetnad og reiseliv. Plankartet og retningslinjene er retningsgjevande for vidare kommunal planlegging. I handlingsprogrammet er det ei rekke prosjekt som vil vere relevante inn mot arealplanlegging for Sysendalen, m.a. prosjektet om kommunal planoppfølging, der det er sagt at føringane i kart, retningsliner og beskrivingar skal innarbeidast ved første rullering av arealdelen av kommuneplanen i kvar enkelt kommune, også i kommunedelplanar, som i planen for Sysendalen.

#### Villrein

Planavgrensinga viser at i området for «ny arealbruk» inngår både nasjonalt villreinområde sone B og sone C – fjell og annan utmark. Planområdet ligg i tillegg tett opp til nasjonalt villreinområde sone A – areal verna etter naturvernlova. I sone B skal utmarksnæringar og friluftsliv kunne utøvast, men tilpassast villreinen sitt behov. Sone C er område med stor landskaps-, natur- og friluftsverdi utanfor det nasjonale villreinområdet. Felles for desse områda er at dei av omsyn til landskap, dyreliv, andre naturkvalitetar og/eller friluftsliv er ønskt oppretthalde som relativt urørte naturområde.

#### Fritidsbusetnad og utbygging for reiseliv

Hardangerviddaplanen har som prinsipp at det ikkje skal vere ny fritidsbusetnad innanfor nasjonalt villreinområde, og tyngre utbygging av fritidsbusetnad og reiselivsutvikling skal leggjast til område som allereie er teke i bruk til formålet. Det er opna for at utmarksnæringar skal kunne bygge naudsynte driftshusvære for å kunne utnytte utmarksressursene. Det vert ikkje lagt opp til etablering av nye turisthytter, men dei som er etablerte skal kunne moderniserast og forsiktig utvidast.

Hardangerviddaplanen opnar for utviding av reiselivssonen i Sysendalen slik at alpinanlegg kan forlengast opp til Grytehorga ved Maurset, noko som er i tråd med gjeldande kommuneplan. Planområdet for «ny arealbruk» ligg utanfor område avsett til Reiseliv sone G - område med «tett fritidsbebyggelse, alpinanlegg og/eller reiselivsbedrifter».

Hardangerviddaplanen legg slike føringar for utforming av fritidsbusetnad og reiselivsutbygging:

Nye fritidsbygg og ny reiselivsutbygging bør

- «primært bygges ved fortetting i, eller i tilknytning til, alt bebygd områder og/eller utvidelser av tidligere oppførte bygg. Samtidig bør alle utbyggingsområder sikres gode grønne strukturer som del av utbyggingssonen.
- lokaliseres utenfor villreinens leveområder, og primært under bjørkeskogsbeltet. Bygningene bør ha god landskapstilpassing slik at de ikke er for eksponert og heller ikke bryter synsranden.

- ved nærhet til viktige villreinområder bør kommunene stille rekkefølgekrav knyttet til sti- og løypeplaner som kanaliserer all ferdsel utenfor de sårbarer områdene. Etablerte hytter i nasjonalt villreinområde kan utvides tilsvarende regelverket i nasjonalparken. Nye fritidsbygg skal ikke tillates i denne sonen.
- Det skal ikke etableres ny bebyggelse beregnet på overnatting over tregrensa eller i det høyest liggende skogbeltet."

Hardangerviddaplanen seier også at alle reiselivsbedrifter i og nær Hardangervidda bør kunne profilere seg som miljøvenlege og miljøsertifiserte. Vi viser elles til vår omtale av reiselivsstrategi for Hordaland under eit seinare punkt.

I løpet av dei seinare åra er det fremja og vedteke ei rekke reguleringsplanar for fritidsbusetnad i Sysendalen. Ifølgje saksutgreiinga frå kommunen ligg det «betydeleg potensiale for nye fritidsbustader i eksisterande arealplanar». Ut frå dette stiller vi spørsmål ved behovet for nye område. Sysendalen er i dag relativt høgt utnytta som hytteområde. Korleis ei større utbygging i det omfang som er skissert i konseptet Eidfjord Resort harmonerer med ønskja til hytteeigarane og brukarar av området til rekreasjon sommar og vinter må vektleggjast.

#### Bruksendring

Bruksendring frå fritidsbustad til bustad er oppgjeve som eit plantema, som skal avklara internt i kommunen og i KU. Vi kjenner ikkje til om kommunen ser dette som eit problem eller som del av ein bustadstrategi. Det kan då dreie seg om alt frå retningsliner for søknader om bruksendring til omregulering av hyttefelt til bustadfelt. Ei større innslag av heilårsbustader i fjellet vil sjølv sagt medføre utfordringar for fleire kommunale tenester, som skule og helseteneste mm. Dette er truleg kommunen allereie innforstått med og det vil vere nytig å få meir inngående kunnskap, også med tanke på andre kommunar som måtte vere opptekne av same problematikk.

Vi er skeptiske til å opne for bruksendring til heilårsbustad i Sysendalen. Bustader bør vere lokalisert slik at eksisterande senter vert styrka. Eit større innslag av heilårsbustader må også vurderast i lys av retningsliner i Hardangerviddaplanen. Vi vil frårå at det vert opna for bruksendring frå fritidsbustad til bustad.

#### Friluftsliv

Hardangerviddaplanen har restriksjonar for friluftslivet av omsyn til villreinen. Nye stiar og løyper skal leggjast utanfor viktige villreinområde, og stiar og løypetraséar som er i klar konflikt med villrein leggjast om til nye og mindre konfliktfylte traséar.

Sti og løypeplanen for Eidfjord seier at det er viktig at løpenettet tek vare på opplevingsverdiar, omsyn til kulturmiljø og omsynet til biologisk mangfold. Det er vist til at utbyggingspress og aukande krav til opparbeidde traséar fører til at stiar og løyper må få eit sterkare vern gjennom arealplanar. Vi ser at ein av dei kartfesta stiane i planen går gjennom område for «ny arealbruk». Vi føreset at løpenettet blir tatt vare på i planen.

#### Konflikt med regional plan - konsekvensar

Samla sett vil vi peike på at planane for «Eidfjord Resort» på viktige punkt er i strid med prinsipp og føringar i Regional plan for Hardangervidda. Vi vil her vise til Forskrift om konsekvensutredninger, § 8 Foreleggning av program, som seier at *«Dersom berørte myndigheter har vurdert at planen eller tiltaket kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, jf. § 7 fjerde ledd, skal ansvarlig myndighet forelge programmet for Miljøverndepartementet\* før fastsetting. Miljøverndepartementet skal innen to uker gi beskjed m det vil bli gitt merknader til programmet.»*

\*endra til Kommunal og moderniseringsdepartementet

## **Reiselivsstrategi for Hordaland 2009-2015**

Natur- og kulturlandskapet står heilt sentralt for Hordaland som reisemål. Utviklinga i reiselivet går mot ein auke i individuelle, tematiserte feriar med fokus på kvalitet og innhald. Det er auka fokus på lokal identitet og produksjon og kontakt med det ekte og genuine ved reisemålet og auka interesse for aktivitet.

Reiselivsstrategi for Hordaland legg til grunn at det gjennom samarbeid og innovasjon skal utviklast berekraftige tilbod innan natur- og kulturopplevingar som bidreg til økonomisk levedyktige reiselivsbedrifter og lokalsamfunn.

Klimaendringar kan påverka turistnæringa på lengre sikt. Auha medvit på dette området vil truleg føra til auka etterspørsel etter produkt som er miljømessig forsvarlege.

Hordaland skal nyta Innovasjon Norge sine prinsipp og tiltak for berekraftig reiselivsutvikling:

- Miljømessig berekraft – langsiktig forvalting av natur- og kulturressursane slik at desse ikkje vert øydelagd av reiselivsaktivitet.
- Sosial berekraft – utvikling som skapar eit attraktivt lokalsamfunn der folk gjerne vil bu og busetja seg.
- Økonomisk berekraft – sunn økonomisk utvikling med eit langsiktig perspektiv som gir ein robust lokaløkonomi.

I «Destinasjon Norge» - Regjeringens reiselivsstrategi (2012) er eit av måla ei betre utvikling av reiselivsprodukt i tilknyting til store verneområde, slik at verneområda kan vere ein arena for opplevingar innanfor ramma av vernet for det enkelte område. Det er lagt til grunn at reiselivsutviklinga skal vere kunnskapsbasert, med analyser av rammeføresetnader og marknad.

Hordaland fylkeskommune er kjent med at reiselivsnæringa er eit satsingsområde i Eidfjord kommune, og vil støtte opp om dette. Vi forstår at ei utvikling av Sysendalen er viktig for resten av næringslivet i kommunen og at kommunen ønskjer å legge betre til rette for heilårs turisme. I dag er det sommarturismen med cruisebåtturistar som dominerer. For denne gruppa kan ein tur med gondolheis til fjells, i kombinasjon med andre attraksjonar som t.d. Vøringsfossen verte ein ekstra attraksjon. Når det gjeld vintereturisme må kombinasjon cruise - fjellturisme seiast å vere upløygd mark på Vestlandet. Om vinteren vil ein også møte konkurransen frå andre andre utbygde og innarbeidde destinasjonar både i fylket og utanfor.

I denne samanhengen vil vi vise til at den største attraksjonen for turistar som besøker Norge er naturen og for mange vil oppleving av urørt natur vere viktig. Ei utbygging som medfører store naturinngrep og mykje trafikk vil kunne gjere Sysendalen mindre attraktiv for dei som primært ønskjer naturopplevingar.

Vøringsfossen. Det er gledeleg at det etter mange års arbeid, og med støtte bl.a. frå fylkeskommunen, no er vedteke reguleringsplan for området ved Vøringsfossen, som er ein turistmagnet også i nasjonal samanheng. Det er viktig å styrke Vøringsfossen som attraksjon, og vi rår til at kommunen i denne omgang prioritær arbeidet med tilrettelegging her, og avventar nye større tiltak i Sysendalen inntil ein har hausta erfaringar frå arbeidet ved Vøringsfossen.

Nokre relevante lenker om reiseliv:

<http://www.hordaland.no/om-fylkeskommunen/publikasjonar/kategoriar/?hl=reiselivsstrategi>

<http://www.innovasjonnorge.no/no/Reiseliv/Baerekraftig-reiseliv/>

<http://www.innovasjonnorge.no/no/Reiseliv/Nyheter/innovasjon-norge-kartlegger-cruiseturismen/#.U8eQOaE4Wzk>

## **Kulturminne og kulturmiljø**

I det vidare planarbeidet bør kommunen setje fokus på kulturminne og kulturlandskap som ein ressurs som må sikrast. I denne fjelldalen er terrenget vidt og ope med store landskapsrom, og kulturminne og kulturlandskap blir lett eksponert og er sårbar for ei ytterlegare utbygging.

Frå regionale styresmakter er det tidlegare peika på at i samband med vidare utbygging i Sysendalen må ein dokumentere at det er tatt omsyn til viktige arealinteresser som landskap, friluftsliv og biologisk mangfald m.m. Som del av verdisetjing av nasjonale, regionale og lokale samfunnsinteresser i området, må kulturminneinteressene kartleggjast og synleggjera. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvar kulturminne og vurdering av verneverdi.

I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap. Eksempelvis vil ei vurdering av verneverdien av dei SEFRAK-registrerte bygningane innafor området, både som enkelte kulturminne eller som del av eit kulturmiljø, vere naudsynt for å stadfeste om nokon av desse bør vernast og sikrast, og kva slags tiltak som er akseptabelt i nærlieken. Ei slik felles forståing er viktig for oppnå ei tilpassa og balansert utbygging av Sysendalen.

Sysendalen er svært rik på kulturminne frå ein omfattande produksjon av jern i eldre- og yngre jernalder og mellomalder, og alle dalsidene har stort potensiale for funn av hittil uregistrerte kulturminne knytt denne verksemda. I samband med eit så omfangsrikt utviklingsprosjekt, må ein ta høgde for arkeologiske registreringar av aktuelle areal for traseane og tilstøytande tiltaksområde. For å oppfylle undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, må dette gjennomførast før vi kan gje fråsegn til planen. Vi vil be Eidfjord kommune ta kontakt for å samrå om omfang med tanke på kva areal som er mest aktuelle, og når dette arbeidet kan gjennomførast.

Planproduktet, spesielt arealplankartet og føresegner/retningsliner, bør vere konkret og oversiktleg slik at det er minst mogleg konflikt med kulturminneinteresser. Det bør takast stilling til korleis kulturminne og kulturmiljø skal visast i arealplanen. Freda kulturminne må visast på plankart som bandlagt areal. Vi vil rá kommunen til å bruke dei databasane og kjeldene som er tilgjengeleg for å få oversikt over arealdisponering i høve til kjende kulturminne. Her kan nemnast Riksantikvaren sin database «Askeladden» når det gjeld automatisk freda kulturminne, vedtaksfreda kulturminne og listeførte kyrkjer/gravplassar, samt SEFRAK-registeret over nyare tids bygningar/ruinar.

Området inneholder kulturminne av nasjonal tyding, og ny arealbruk som kan kome i konflikt med kulturminne må unngåast. Vi vil rá til at arealplankart og føresegner vert send til Hordaland fylkeskommune for ei uformell høyring før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn. Det er på dette stadiet det er enklast å rydde vekk unødige konfliktar, slik at vidare politisk handsaming kan ta utgangspunkt i ei reell vektning av dei ulike interessene.

## Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet vektlegg følgjande:

- Ny arealbruk i Sysendalen må vere forankra i ein langsiktig arealstrategi der planområdet si berreevne vert lagt til grunn, og bør avventast inntil neste planstrategi for Eidfjord skal utarbeidast.
- Føringane i Regional plan for Hardangervidda må innarbeidast i kommunedelplanen.
- Området for «ny arealbruk» inngår i nasjonalt villreinområde sone B og sone C, og ligg tett opp til nasjonalt villreinområde sone A, i strid med Regional plan for Hardangervidda.
- Ifølgje retningsliner i Regional plan for Hardangervidda skal område for fritidsbustad og reiselivsutbygging lokaliserast utanfor villreinens leveområde, og primært under bjørkeskogsbeltet.
- Program for planar som er vurdert til å kome i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn skal etter forskrift om konsekvensutgreiingar foreleggjast departementet.
- Det må vurderast kva verknad naturinngrep og trafikkauke vil ha for Sysendalen sin opplevingsverdi for reiselivet og for brukarane elles.
- Prinsipp for berekraftig reiselivsutvikling må leggjast til grunn.
- Ei styrking av Vøringsfossen som attraksjon bør prioriterast føre nye utbyggingstiltak i Sysendalen.
- Planar for Eidfjord Resort må vurderast opp mot vedteke vidareutvikling på Maurset.

- Det må takast særlege omsyn til landskap, kulturminne og kulturlandskap og det må gjerast ein grundig landskapsanalyse for Sysendalen.
- Bruksendring frå fritidsbustad til bustad vert frårådd.
- Alle dalsidene har stort potensiale for funn av hittil uregistrerte kulturminne knytt til produksjon av jern i eldre- og yngre jernalder og mellomalder. Ein må ta høgde for arkeologiske registreringar av aktuelle areal for traseane og tilstøyande tiltaksområder. Tiltak som kjem i konflikt med kulturminne av nasjonal tyding må unngåast.
- Omsyn til klima, energibruk og miljø må vere viktige moment i kommunedelplanen.

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

Vi ønskjer lukke til med planarbeidet og deltek gjerne i eit vidare samarbeid. Mellom anna kan regionalt planforum nyttast til drøfting, både av planprogram og av planutkast før offentleg høyring.

Marit Rødseth  
plansjef

Liv Sundheim  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakshandsamar:

Liv Sundheim, Regionalavdelinga, planseksjonen

Tore Slinning / Gunnbjørg Austrheim – Kultur- og idrettsavdelinga, seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland              Postboks 7310

Statens vegvesen - Region Vest      Askedalen 4

